



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Voss herad
v/ Jostein Minde
Postboks 145
5701 VOSS

Deres ref

Vår ref
25/122-6

Dato
9. april 2025

Føring av matrikkelen – matrikkellova § 5 a andre ledd

Kommunal- og distriktsdepartementet viser til din e-post 6. januar 2025 med spørsmål om organiseringa av matrikkelføringa i kommunane, og til førebels svar frå oss 14. februar.

Når det gjeld nytt spørsmål 19. mars om Kartverkets praktisering av tidsavgrensa brukartilgang til matrikkelen, må vi vise til Kartverket. Denne typen spørsmål er det Kartverket som svarer på.

Matrikkellova § 5 a andre ledd lyder:

«Kommunen er lokal matrikkelstyresmakt, og har under dette ansvaret for å utføre oppmålingsforretningar og føre matrikkelen i kommunen. Kommunen kan etter avtale overlate til andre å utføre oppmålingsforretningar på sine vegner. Kommunen kan etter avtale overlate til ein annan kommune etter reglane i kommuneloven kapittel 20, eller til sentral matrikkelstyresmakt, å føre matrikkelen på sine vegner.»

Det går fram av føresegna at ansvaret for å utføre oppmålingsforretningar og føre matrikkelen, er eit kommunalt ansvar. Mynda ligg i utgangspunktet til kommunestyret, men vil som regel vere delegert til kommunedirektøren som leier og organiserer arbeidet, jf. kommunelova §§ 5-3 og 13-1.

Arbeidet med oppmålingsforretningar og føring av matrikkelen er regulert på to ulike måtar. Det får betydning for korleis kommunen kan organisere desse oppgåvene.

Oppmålingsforretningar skal utførast av ein autorisert eigedomslandmålar, jf. matrikkellova § 35 andre ledd. Den autoriserte eigedomslandmålararen skal sørge for at forretninga blir utført i samsvar med god landmålarsskikk. Kommunen har elles full fridom til å organisere

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Planavdelinga

Saksbehandlar
Dag Høgvard
22 24 59 17

oppmålingsverksemda slik kommunen finn dette hensiktsmessig. Kommunen kan utføre oppgåva med eigne autoriserte landmålarar, eller inngå avtale med andre som utfører forretninga på vegne av kommunen. Avtalen kan for eksempel vere med ein annan kommune eller eit privat konsultentselskap som tilbyr tenester i regi av autoriserte eigedomslandmålar.

Føringa av matrikkelen kan kommunen som hovudregel ikkje overlate til andre. Den som skal stå for den praktiske føringa, skal vere godkjent av Kartverket, jf. matrikkelforskriften § 5. Personen eller personane vil til vanleg vere tilsette i kommunen, men treng ikkje vere det. Det vesentlege er at kommunens kontroll og styring med den daglege føringa er reell. Til vanleg vil dette krevje at vedkommande sit i kommunens lokale, utan at dette er til hinder for ein viss bruk av fjernarbeid. Føresetnaden er at personen som fører matrikkelen, har nødvendig kontakt med den i kommunen som er gitt fullmakt til å kontrollere og styre matrikkelføringa. Det gjeld både ved bruk av eget og innleigd personale.

Kommunen kan, som unntak frå hovudregelen, etter avtale overlate føringa til ein annan kommune. Nærare reglar for slike ordningar går fram av kommunelova kapittel 20.

Kommunen kan etter avtale også overlate føringa til Kartverket. Dette er mest aktuelt i samband med føring av enkeltsaker. Kartverkets føring skjer på vegne av kommunen. Eventuelle klager må rettast til vedkommande kommune.

Med helsing

Hilde Olea Simonsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Høgvard
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kartverket